# Velkommen til Studiebarometeret!

Choose language below (English, Norwegian Nynorsk, Norwegian Bokmål, Sami).

Takk for at du vil seie kva du meiner om studieprogrammet ditt, svara kan betre studiekvaliteten! Din høgskule/universitet har opplyst at du studerer:

*Svar på undersøkinga ved å klikke "neste" nederst på sida.*

**Føremål**

Studiebarometeret vert gjennomført for å fange opp studentane sitt syn på utdanningskvalitet. Føremålet er å auke studiekvaliteten og gi nyttig informasjon til høgskular/universitet, studentar og andre. Resultata gir utdanningsinstitusjonane moglegheit til å gjere forbetringar. I tillegg vert resultata brukt til forsking på utdanningskvalitet. Resultata vert publiserte på studiebarometeret.no som gjennomsnitt per studieprogram. Undersøkinga vert utført av NOKUT på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

**Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Undersøkinga går til alle studentar i 2. eller 5. studieår, ca. 65 000 studentar. Institusjonen du går på har latt oss hente ut direkte personidentifiserbare opplysningar (e-postadresse og telefonnr.) og indirekte personidentifiserbare opplysningar (studieprogram, kjønn, alder, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap).

**Kva inneber det for deg å delta?**

Å delta i undersøkinga inneber å fylle ut eit spørjeskjema. Dette tek ca. 10-12 minutt. Alle som svarar er med i trekninga av 5 gåvekort på 5 000 kr og 25 gavekort på 1 000 kr.

**Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i undersøkinga, og du kan når som helst trekkje samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn.

**Ditt personvern – korleis vi oppbevarar og brukar dine opplysningar**

All informasjon som vert samla inn vert handtert konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil ikkje verte offentleggjort data som kan identifisere den enkelte. Rambøll AS støttar NOKUT i gjennomføringa og utsendinga av undersøkinga, og har tilgang til e-postadresser og telefonnummer fram til undersøkinga vert stengd. NOKUT samarbeider med den enkelte høgskule og det enkelte universitet. Desse vil få tilgang til svardata, men ikkje identifiserbare personopplysningar som f.eks. e-postadresse, kjønn og alder.

Bakgrunnsinformasjon vert utlevert frå institusjonane til NOKUT for alle studentane, på bakgrunn av ei rettsleg forplikting. Det gjeld òg dei som ikkje svarar. Dette for å undersøkje om svara vi får er representative, noko som er svært viktig for å kunne tolke resultata. Det er mogleg å reservere seg mot dette ved å sende e-post til res-studiebarometeret@nokut.no.

**Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Direkte personidentifiserbare opplysningar vert sletta av NOKUT seinast 1. oktober 2020. Indirekte personidentifiserbare opplysningar vert lagra av

NOKUT ut 2024 og av NSD ut 2029, og vil vere tilgjengelege for analyse- og forskingsføremål. Dette krevjer at du samtykker til dette til slutt i spørjeskjemaet.

**Dine rettigheiter**
Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrerte om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om handteringa av dine personopplysningar.

**Kva gir oss rett til å handtere personopplysningar om deg?**
Vi handterer opplysningar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag frå NOKUT har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at handteringa av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

**Kvar kan eg finne ut meir?**
Om du har spørsmål til studiet, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheiter, ta kontakt med:

- Prosjektgruppa: studiebarometeret@nokut.no
- NOKUTs personvernombod for Studiebarometeret: NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga)

*Når du svarer på spørsmåla i denne undersøkinga, ønsker vi at du tek utgangspunkt i dine samla erfaringar* ***hittil*** *i ditt noverande studieprogram.*

## Undervising

Kor einig er du i følgande påstander?

| | Ikkje enig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dei fagleg tilsette gjer undervisinga engasjerande | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei fagleg tilsette formidlar lærestoffet/pensum på ein forståeleg måte | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisinga dekker sentrale deler av lærestoffet/pensum godt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Undervisinga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

## Omfang av tilbakemelding og rettleiing

Kor ofte – hittil i studiet – har du:

| | Aldri | 1-2 gonger | 3-5 gonger | 6-10 gonger | Meir enn 10 gonger | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fått tilbakemeldingar frå fagleg tilsette på skriftleg arbeid | | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *før* endeleg innlevering | | | | | | |
| Fått tilbakemeldingar frå fagleg tilsette *etter* endeleg innlevert skriftleg arbeid | | | | | | |
| Fått tilbakemeldingar frå fagleg tilsette på *ikkje-skriftleg* arbeid | | | | | | |
| Fått tilbakemeldingar frå andre *studentar* på skriftleg eller ikkje-skriftleg arbeid | | | | | | |
| Diskutert faglege problemstillingar med fagleg tilsette | | | | | | |
| Diskutert di faglege utvikling / dine resultat med fagleg tilsette | | | | | | |

# Tilbakemelding og rettleiing

## Kor tilfreds er du med følgande:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kor mange tilbakemeldingar du har fått frå fagleg tilsette på arbeidet ditt | | | | | | |
| Dei fagleg tilsette si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet ditt | | | | | | |
| Medstudentar si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet ditt | | | | | | |
| Faglege diskusjonar og rettleiing frå fagleg tilsette | | | | | | |

# Fagleg og sosialt miljø

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Det sosiale miljøet blant studentane på studieprogrammet | | | | | | |
| Det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet | | | | | | |
| Miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette på studieprogrammet | | | | | | |

# Fysisk læringsmiljø og infrastruktur

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lokale for undervising og anna studiearbeid | | | | | | |
| Utstyr og hjelpemiddel i undervisinga | | | | | | |
| Bibliotek og bibliotektenester | | | | | | |
| IKT-tenester (til dømes læringsplattformer, programvare og PC-tilgang) | | | | | | |

# Organiseringa av studieprogrammet ditt

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilgjengelegheita på informasjon om studieprogrammet | | | | | | |
| Kvaliteten på informasjonen om studieprogrammet | | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet (timeplan, studieplan, etc.) | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Den faglege samanhengen mellom emna i studieprogrammet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Vurderingsformer

### I kva grad meiner du at eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer hittil i studieprogrammet ditt:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Har handla om sentrale delar av lærestoffet (pensum) | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Har kravd forståing og resonnement | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Har gjort det mogleg å bruke det du har lært i studiane dine | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Har hatt tydelege kriterium for vurdering | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Har bidrege til di faglege utvikling | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

### Her kan du skrive meir om dine erfaringar med eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer.

## Medverknad

### I kva grad opplever du følgande?

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Studentane har moglegheit for å gi innspel på innhald og opplegg i studieprogrammet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Studentane sine innspel vert følgt opp av institusjonen | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Det vert lagt til rette for medverknad gjennom studenttillitsvalde, fagutval, studentparlament, etc. | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Studieprogrammet si evne til å inspirere

### I kva grad meiner du at studieprogrammet:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Er stimulerande | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Er fagleg utfordrande | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Bidreg til din motivasjon for studieinnsats | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Eige læringsutbytte

### Kor tilfreds er du med eige læringsutbytte hittil i studiet, når det gjeld:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Teoretisk kunnskap | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kunnskap om vitskapleg arbeidsmetode og forsking | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eiga erfaring med forskings- og utviklingsarbeid | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Yrkes- og fagspesifikke ferdigheiter | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Evne til refleksjon og kritisk tenking | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Samarbeidsevne | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Munnleg kommunikasjonsevne | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skriftleg kommunikasjonsevne | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Evne til å tenke nytt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Evne til å arbeide sjølvstendig | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Eige engasjement

## I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | Ikkje enig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg er motivert for studieinnsats | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg nyttar meg av dei organiserte læringsaktivitetane som er tilbode | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg møter godt budd til undervisinga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg opplever at min studieinnsats er høg | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Forventningar

## I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg opplever at dei fagleg tilsette stiller klare forventingar til meg som student | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei fagleg tilsette forventar at eg stiller førebudd til organiserte læringsaktivitetar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei fagleg tilsette forventar at eg deltek aktivt i organiserte læringsaktivitetar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei fagleg tilsette har høge faglege ambisjonar på vegner av meg som student | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Bruk av digitale verktøy

Med digitale verktøy meiner vi til dømes:

- Digitale læringsplattformer (Canvas, Blackboard, It's learning, etc.)
- Programvare (Excel, Stata, MatLab, Photoshop, etc.)
- Sosiale medier (Forum, Facebook, etc.)
- Nettbaserte verktøy og medier (Youtube, Kahoot, Google Drive, etc.)
- Videoopptak, streaming, podcast, etc.

## I kva grad opplever du følgande?

| | (1) I liten grad | (2) | (3) | (4) | (5) I stor grad | Veit ikkje / ikkje brukt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Digitale verktøy vert brukt på ein slik måte at eg vert aktivt involvert i undervisinga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Dei fagleg tilsette har nødvendig kompetanse til å bruke digitale verktøy i undervisinga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får opplæring i å bruke digitale verktøy/program som er | | | | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| relevante for fagområdet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Bruken av digital læringsplattform fungerar godt på studieprogrammet mitt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Overordna tilfredsheit

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | Ikkje enig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg går på det studieprogrammet eg helst vil gå på | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Tidsbruk på faglege aktivitetar

Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt *hittil* på dette studiet (ikkje medrekna feriar), brukar du på:

Læringsaktivitetar organisert av institusjonen (inkludert all undervising og rettleiing, samt praksis om det er relevant)

__________

Eigenstudiar (lese pensum, gjere oppgåver, delta i kollokvier og anna gruppearbeid, etc.)

__________

## Betalt arbeid

Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt *hittil* på dette studiet (ikkje medrekna feriar), brukar du på:

Betalt arbeid

__________

## Praksis

*Praksis foregår ofte på ein ekstern arbeidsplass, til dømes på sjukehus, skule, bedrift (ekstern praksis). Praksis kan og vere internt på høgskulen/universitet, til dømes på internklinikk ved institusjonen (intern praksis). Praksis kan vere valfri eller obligatorisk.*

Har du hatt praksis som ein del av studieprogrammet ditt?

❑ Ja
❑ Nei

Har du hatt, eller kjem du til å ha, moglegheiten til å ha praksis som ein del av studieprogrammet ditt?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Kor mange praksisperiodar har du hatt hittil i løpet av studieprogrammet?

*Om du har hatt praksis gjennom heile semesteret/studieåret (f.eks. fast ein eller to dagar i veka), så vert det rekna som ein (1) praksisperiode under.*

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5 eller fleire

## Faktaspørsmål om praksisperioden

*Her følger ein del spørsmål om praksis. Har du hatt meir enn ein praksisperiode i løpet av studieprogrammet, ber vi deg svare for **den praksisperioden du hadde sist**. Dersom du er i praksis no, ber vi deg svare for noverande praksisperiode.*

Kvar var din siste praksisperiode?

- På ekstern arbeidsplass (privat eller offentleg verksemd, t.d. bedrift, sjukehus, eller skule)
- På høgskulen/universitetet (t.d. internklinikk eller anna intern praksis)

Fekk du rettleiing i løpet av praksisperioden?

- Ja, av tilsett frå praksisstaden
- Ja, av tilsett frå høgskulen/universitetet
- Ja, av både tilsett frå høgskulen/universitetet og tilsett frå praksisstaden
- Nei
- Veit ikkje

Omtrent kor lenge vara praksisperioden?

*Om du har hatt praksis gjennom heile semesteret/studieåret (f.eks. fast ein eller to dagar i veka) så ønsker vi at du svarar "13 veker eller meir" under.*

- 3 veker eller mindre
- 4-6 veker
- 7-9 veker
- 10-12 veker
- 13 veker eller meir

Hadde du undervising på studieprogrammet undervegs i praksisperioden?

- ❑ Ja
- ❑ Nei

Var du på praksisstaden åleine eller saman med andre studentar?

- ❑ Åleine
- ❑ Saman med andre studentar

Samarbeida du med dei andre studentane på praksisstaden?

- ❑ Ja
- ❑ Nei

Føregjekk rettleiinga ved praksisstaden i grupper, individuelt eller begge deler?

- ❑ Individuelt
- ❑ I par / grupper
- ❑ Begge deler

Var praksis ein obligatorisk eller frivillig del av studieprogrammet?

- ❑ Obligatorisk
- ❑ Valfri
- ❑ Veit ikkje

Korleis fekk du praksisplass?

- ❑ Eg fekk praksisplass via høgskulen/universitetet
- ❑ Eg fekk tilbod om praksisplass via høgskulen/universitetet, men valde å finne praksisplass på eiga hand
- ❑ Eg måtte finne praksisplass utan hjelp frå høgskulen/universitetet
- ❑ Anna

Her kan du skrive meir om korleis du fekk praksisplass.

Medførte praksisperioden ekstra utgifter for deg som du *ikkje* fekk dekka (av høgskulen/universitetet eller praksisstaden)?

*Kryss av for det som passar best. Fleire svar mogleg.*

- ❑ Bolig
- ❑ Transport
- ❑ Klede/utstyr
- ❑ Anna - ver venleg og presiser__________
- ❑ Ingen ekstra utgifter

## Medførte praksisperioden tapt arbeidsinntekt for deg?

*Her meiner vi redusert inntekt som ein direkte følgje av praksisperioden.*

- ❑ Ja
- ❑ Nei

## Kva slags kontakt med fagleg tilsette frå studieprogrammet ditt hadde du i løpet av praksisperioden?

*Fleire svar mogleg.*

- ❑ Besøk på praksisstaden
- ❑ Oppfølging via epost, Skype, telefon, etc.
- ❑ Anna - vennligst presiser__________
- ❑ Ingen kontakt

## Hadde du rettleiing/samtalar undervegs i praksis der både fagleg tilsett frå studieprogrammet og rettleiar frå praksisstaden var til stades?

- ❑ Ja
- ❑ Nei
- ❑ Hugsar ikkje

## Kjente du til læringsmåla for praksisperioden?

*Med læringsmål meiner vi kva du skulle lære i løpet av praksis.*

- ❑ Ja, heilt
- ❑ Ja, delvis
- ❑ Nei

## Gjekk du gjennom læringsmåla for praksis saman med rettleiar på praksisstaden?

- ❑ Ja
- ❑ Nei
- ❑ Veit ikkje

## Kven utførte vurderinga av praksisperioden din?

*Kryss av for det som passar best.*

- ❑ Tilsett ved høgskulen/universitetet
- ❑ Tilsett ved praksisstaden
- ❑ Tilsett ved høgskulen/universitetet og praksisstaden i samarbeid
- ❑ Andre
- ❑ Veit ikkje
- ❑ Vurderinga er enno ikkje gjennomført
- ❑ Praksisperioden vert ikkje vurdert

## Korleis opplevde du den totale arbeidsmengda (praksis og ev. andre delar av

studiet ditt) medan du var i praksis, samanlikna med når du ikkje har praksis?

- ❑ Mykje lågare
- ❑ Lågare
- ❑ Omtrent likt
- ❑ Høgare
- ❑ Mykje høgare

## Organisering av praksisperioden

*Hugs at dersom du har hatt praksis fleire gonger, skal du skal svare for **den praksisperioden du hadde sist**.*

### Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | 2 | 3 | 4 | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Informasjonen om praksis som du fekk i forkant av praksisperioden | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Korleis høgskulen/universitetet førebudde deg på praksisopplæringa | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Prosessen med å skaffe praksisplass | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Korleis praksisstaden tok i mot deg | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Korleis praksisperioden passa inn i studieløpet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Kor tilgjengeleg tilsette ved høgskulen/universitetet var undervegs i praksisperioden | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Rettleiing undervegs i praksisperioden

### Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | 2 | 3 | 4 | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kor ofte du fekk rettleiing undervegs i praksisperioden | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Kor tilgjengeleg rettleiar var undervegs i praksisperioden | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Kvaliteten på rettleiinga undervegs i praksisperioden | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Fagleg innhald i praksisperioden og samanheng med studieprogrammet

### I kva grad opplevde du følgande:

| | I liten grad (1) | 2 | 3 | 4 | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Arbeidsoppgåvene i praksisperioden var relevante for det eg studerar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Praksisperioden var fagleg utfordrande | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Studentane sine erfaringar frå praksis blir brukt som grunnlag for diskusjon i undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

### Her kan du skrive meir om erfaringane dine med praksis.

## Tilknytning til arbeidslivet

*Her ønsker vi at du tenker på den informasjonen og dei moglegheitene du får via både studieprogrammet ditt og andre aktørar på institusjonen, til dømes karrieresenter og studentforeiningar.*

I kva grad opplever du følgande:

| | I liten grad (1) | 2 | 3 | 4 | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg får god informasjon om korleis kompetansen min kan brukast i arbeidslivet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg får god informasjon om kva yrker/bransjar som er relevante for meg | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg får innføring i korleis eg kan formidle mi eiga kompetanse til potensielle arbeidsgivarar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg får moglegheit til å møte potensielle arbeidsgivarar gjennom karrieredagar, bedriftsbesøk, etc. | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Representantar får arbeidslivet er involvert i undervisinga (t.d. som gjesteforelesarar/kurshaldarar) | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Det er moglegheiter for å jobbe med prosjekt/oppgåver i samarbeid med arbeidslivet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

Her kan du skrive meir om dine erfaringar med koplinga mellom studieprogrammet ditt og arbeidslivet.

Kor viktig var karriere / framtidige jobbmoglegheiter for studievalet ditt?

❑ Svært viktig
❑ Litt viktig
❑ Ikkje viktig

## Undervisings- og arbeidsformer - bruk

I kva grad vert desse undervisings- og arbeidsformene brukt i studieprogrammet ditt?

| | Ikkje brukt | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Førelesing | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Seminar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Gruppe utan lærar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Skriftleg arbeid til innlevering | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Prosjektarbeid | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Feltarbeid / ekskursjon / eiga datainnhenting | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Laboratorieøving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Anna praktisk øving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Case | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Simulering/rollespel | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Praksisperiodar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Digitale arbeidsformer | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Undervisings- og arbeidsformer - bidrag

## I kva grad bidreg desse undervisings- og arbeidsformene til læringa di?

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Førelesing | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Seminar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Gruppe utan lærar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skriftleg arbeid til innlevering | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Prosjektarbeid | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Feltarbeid / ekskursjon / eiga datainnhenting | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Laboratorieøving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Anna praktisk øving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Case | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Simulering/rollespel | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Praksisperiodar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Digitale arbeidsformer | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Varslingssystem ved trakassering

*Spørsmålet dreier seg om varslingssystem ved høyskolen/universitetet i samband med seksuell trakassering, mobbing etc.*

*NB! **Omfanget** av trakassering vert dekka av andre undersøkingar enn Studiebarometeret.*

## Eg har fått informasjon frå høgskulen/universitetet om varslingssystemet

☐ Ja
☐ Nei
☐ Huskar ikkje / veit ikkje

# Informasjon om deg

Vi har fått informasjon frå din institusjon om blant anna studieprogrammet du går på og studieåret du er i. Vi ber deg fylle inn litt meir bakgrunnsinformasjon, som ikkje skal brukast til anna enn forsking

## Kryss av for den høgaste utdanninga foreldra dine har fullført:

| | Utdanning på grunnskulenivå (barne- og ungdomsskule) | Utdanning frå vidaregåande opplæring | Høgare utdanning, til og med 4 år (inkludert fagskule) | Høgare utdanning, 4,5 år eller meir | Veit ikkje | Ønsker ikkje å svare |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mor | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

Far ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐

Kjønn

☐ Mann

☐ Kvinne

☐ Anna kjønnsidentitet

☐ Ønsker ikkje å svare

## Kommentarar

Har du ønske eller idear til forbetring av studieprogrammet? Eventuelle kommentarar du skriv her vil verte sendt - anonymt - til din institusjon og kan bidra til utvikling av studieprogrammet ditt.

Her kan du gi tilbakemelding til NOKUT på korleis du tykkjer spørjeskjemaet fungerer.

Samtykke til kopling av opplysningar

For å redusere mengda spørsmål i skjemaet har vi fått bakgrunnsinformasjon om deg (kjønn, fødselsår, opptaksgrunnlag, studiepoengproduksjon og statsborgarskap) frå din utdanningsinstitusjon. For forskingsformål ønsker vi å kople denne informasjonen med svara du har gitt i dette spørjeskjemaet. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og vil ikkje verte publiserte på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. Prosjektet er meldt til NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Eg samtykker i at opplysingane i skjemaet kan koplast med mine bakgrunnsdata

☐ Ja

☐ Nei

Framtidig kontakt

NOKUT arbeidar kontinuerleg for å forbetre spørjeskjemaet. I tillegg ønsker vi å få større innsikt i kvifor studentane svarer slik dei gjer.

Om du er villig til å svare på nokre spørsmål til oppfølging av undersøkinga, fyll inn e-postadressa di under.

Du vil maksimalt verte kontakta av oss for to undersøkingar i løpet av 2020 og vi vil slette din e-postadresse i løpet av 2020. Dersom du samtykker til dette, ved å oppgi din e-postadressa under, inneber det at vi i denne perioden kan kople din e-postadresse med data frå spørjeskjemaet og med indirekte identifiserande opplysningar om deg. Dette er opplysningar om alder, kjønn, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap.

Opplysningane vil verte behandla konfidensielt og vil ikkje verte publiserte på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. Prosjektet er meldt til NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

E-postadresse

__________

Takk for at du har svart på årets undersøking. Resultata vert publiserte på www.studiebarometeret.no omtrent 1. februar.

Med helsing

NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga)